



Arkivnr: 2015/580-10

Saksbehandlar: Rolf Rosenlund

Saksframlegg

Saksgang	Dato
Utval for miljø og samferdsel	11.11.2015
Fylkesutvalet	18.11.2015

Løyving av ekstra tilskot til ferjesambandet Hufthamar-Krokeide**Samandrag**

På møte i fylkesutvalet den 27. august 2015 vart det vedteke å dekka 2,0 mill kr av Austevoll kommune sitt avtala tilskot til drift av ferje 2 i sambandet. Det vart i tillegg vedteke å dekka kostnaden med ekstra ferje når ferje 2 er avløysningsferje ved verkstadopphold for andre ferjer i rutepakken. Samla kostnad er på 4,75 mill kr. I samsvar med vedtaket er 2,0 mill kr overført fra rådveldeposten til budsjettkapittelet for fylkesvegferjer. Restsummen må løvvast i denne saka.

Forslag til innstilling

1. Fylkesutvalet godkjenner at budsjettet for 2015 vert endra slik:

Stad	Art	Tekst	Meirutg/mindreinnt	Mindreutg/meirinnt
10.310.210.00	13700	Fylkesvegferjer	2.560.000	
10.720.200.00	14900	Rådveldekontoen		742.000

2. Fylkesutvalet godkjenner at restsummen på kr 1.818.000 vert dekka over budsjettkapittelet for fylkesvegferjer.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Håkon Rasmussen
fylkesdirektør samferdsel

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Fylkesrådmannen, 27.10.2015

Bakgrunn for saka

I 2011 vart det inngått avtale mellom Fosen-Namsos Sjø AS (FNS) og Hordaland fylkeskommune v/Skyss om å setja inn ei ferje 2 i sambandet Hufthamar-Krokeide. Bakgrunnen for dette var at Austevoll kommune hadde eit sterkt ynskje om at kapasiteten og frekvensen på sambandet måtte aukast, og ville vera med å finansiera ein slik kapasitetsauke i samarbeid med næringslivet i kommunen. Kommunen og næringslivet sa seg villige til å yta eit årleg tilskot på 4,0 mill kr til den utvida drifta i heile avtaleperioden og i eventuelle opsjonsår. Opplegget var at kvar part skulle dekke 2,0 mill kr, og kommunen skulle stå for innbetaling til fylkeskommunen. Den årlege totale tilskotsauken for ferje 2 var på 14,7 mill kr (2010 kr).

Det siste året har Austevoll kommune ikkje fått inn midlar frå næringslivet, og kommunen søkte difor om å sleppa å betala næringslivet sin andel av tilskotet.

På denne bakgrunn fatta fylkesutvalet den 27. august 2015 slikt vedtak:

1. Fylkesferjer er fylkeskommunen sitt ansvar. Fylkesutvalet har forståing for den vanskelige situasjonen som har oppstått for Austevoll kommune etter at næringslivet trakk sitt bidrag til ferje 2. Fylkesutvalet vil difor løyva 2,0 millionar frå tilleggsløyvingskontoen som redusera Austevoll kommune sin forplikting i 2015. Ein vil koma tilbake til den vidare kostnadsfordelinga i budsjettet i 2016 med sikte på å finna ei permanent løysing.
2. Fylkesutvalet ser behovet for erstatningsferje når ferje 2 vert teken ut for planlagt vedlikehald. Dette gjeld ikkje minst forholdet rundt farleg last. Det vert difor leigd inn erstatningsferje ved planlagt vedlikehald. Kostnader for 2015 vert dekt av fylkesutvalet sin tilleggsløyvingskonto.
3. Fylkesutvalet ber om at erstatningsferje vert søkt innført alt frå det planlagde vedlikehaldet for ferje 2 frå 19.08.2015 - 30.08.2015.

I avtalen mellom FNS og Skyss om bruk av ferje 2 er det lagt til grunn at den ferja skal vera avløysningsferje når dei andre ferjene til FNS i Midthordlandskontrakten er ute av drift p.g.a. årleg vedlikehald. I inntil 7 veker kan ferje 2 takast ut av ruta i Austevoll.

På bakgrunn av pkt 2 i vedtaket har Skyss gjennomført forhandlingar med operatøren på sambandet; FNS, med føremål å få på plass ei ekstra ferje i sambandet når «Selbjørnsfjord» har verkstadopphold i veke 45-46. Det er gjort avtale om å leiga inn ferja «Melshorn» (120 pbe) frå selskapet Torghatten Nord AS.

Med ein leigeperiode på 20 dagar vert leigekostnaden omlag kr 2.560.000.

Tilskot i 2016 og 2017

Vedtaket i fylkesutvalet rettar seg mot drifta i 2015. I fylkesrådmannen sitt forslag til budsjett for 2016 er det lagt til grunn at Austevoll kommune betalar det avtala tilskotet på 4,0 mill kr. Dersom fylkesutvalet ynskjer å redusera Austevoll kommune sitt tilskot ut avtaleperioden (2016-2017), må dette takast inn i budsjettet for 2016. Alternativet kan vera å spara inn summen ved å redusera produksjonen på ferje 2. Dette må det i så fall forhandlast med FNS om.

Dersom ein i resten av avtaleperioden ikkje skal nytta ferje 2 som avløysningsferje ved verkstadopphold, ser ein av avtalen som er inngått for i år, at dette vil ha ein stor kostnad. Ein slik kostnad er ikkje lagt inn i fylkesrådmannen sitt budsjettforslag for 2016. Fylkesrådmannen finn ikkje å kunna rå til at fylkeskommunen skal endra avtalen med FNS om bruken av ferje 2 som avløysningsferje i resten av avtaleperioden.

Inndeckning av auka tilskot til sambandet

I vedtaket er det lagt til grunn at kostnadsauken skal dekkast inn over fylkesutvalet sin rådveldekonto. Det reduserte tilskotet frå Austevoll kommune er alt dekka av rådveldekontoen. Per d.d. står det att 0,742 mill kr på rådveldekontoen. Fylkesrådmannen rår difor til at restsummen vert dekka over budsjettposten for fylkesvegferjedrifta.